



Eit kvalitetsstempel sa ordføraren som her har hatt blomar til dagleg leiar Tor Vidar Sæle

**Kvinnherad Vekstbedrift som tidlegare var AFA har fått eit kvalitetsstempel. Det understreka ordførar Synnøve Solbakken då ho i dag gratulerte med sertifiseringa i Equass som fann stad 8. og 9. desember. Forkortinga står for European Quality in Social Services og verksemda har arbeidd i 2 år og satsa 120 000 kroner for sertifiseringa. Dette har vore eit stort løft men dagleg leiar Tor Vidar Sæle er viss på at KV vil ha att for satsinga, som også er eit krav frå NAV-**

Sertifiseringa vart markert i dag med enkel servering for alle dei nærare 50 tilsette og representantar for kommunen og NAV. Ordføraren streka under at alle i KV har gjeve sitt bidrag under

prosessen fram mot .sertifiseringsbeviset som gjeld for 2 år og som slår fast at Uskedalverksemda er godt kvalifisert for å motta dette - forøvrig som den fyrste i Kvinnherad.

Ordføraren nytta også høvet til ein generell ros til Uskedalen for alt det nye og positive som skjer i bygda og som skaper arbeid og trivsel. Ho var også glad for at helseministeren vil komma til Uskedalen og KV i slutten av mars.

Leiar for tiltak og rådgjevingstenester i kommunen Kjell Sigbjørn Røsland er overtydd om at prosessen mot sertifisering har verka svært positivt innad og ført til at dei tilsette har skjerpa seg på alle punkt.

Sæle seier mellom anna at sertifiseringa vil bety mykje også for kommunen, som han håpar vil kjøpa meir tenester av KV i åra framover.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Dagleg leiar Tor Vidar Sæle har her motteke sertifiseringsbeviset av styreleiar Hans J. Berge. Vidare står nøkkelpersonar i KV: Per Ivar Kårstad, Inger Eskeland, Kristine Såtendal, Anne Karin Myhre og Wenke Skudal